

---

Saksnr: 2020/77135-1  
Saksbehandlar Inge Døskeland  
Dato: 19.11.2020

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

---

## Sirkulærøkonomi og tapt dekkslast til havs. Resolusjonar frå Nordsjøkommisjonen si marine ressursgruppe

Vestland fylkeskommune deltek i den marine ressursgruppa i Nordsjøkommisjonen (NSC) med både politisk og administrativ representant (Torbjørn Vereide - A). Resolusjonar er eit av nordsjøkommisjonen sine sterkaste verktøy til å påverke EU politikk. Den marine ressursgruppa har i 2020 utarbeidd to resolusjonar som begge vedkjem det marine miljø og maritim/marin verdiskaping. Begge resolusjonane vart vedtekne i NSC Annual Business Meeting 6. November 2020.

Desse er:

- Resolution on circular economy: Reuse of resources from sewage (vedlegg 1)
- Lost Containers from Shipping (vedlegg 2)

Den første resolusjonen, som omhandlar gjenbruk av energi og materiale frå avløpsvatn, er behandla som vedtakssak i hovudutval for næring 25. november 2020, saksnr: 2020/75642-1 (vedlegg 3). Den andre resolusjonen, om tap av last frå skip, er utarbeidd i samarbeid med kommunane si internasjonale miljøorganisasjon (KIMO International).

Følgande vedtak vart gjort:

«Hovudutval for næring vedtek at det vert greidd ut korleis innføring av Nordsjøkommisjonen sin resolusjon om sirkulærøkonomi, knytt til bruk av ressursar frå avløpsvatn, vil kunne gje positive effektar for verdiskaping og miljø i Vestland. I dette inngår å innhente informasjon om barrierar for utnytting av denne ressursen. Resultatet av undersøkinga vert presentert for utvalet innan sommaren 2021.»

Begge resolusjonane omhandlar viktige tema, men dei har ulik relevans for regionane rundt Nordsjøen. Det er difor ynskjeleg å vurdere i kor stor grad desse resolusjonane peiker på miljøutfordringar, verdiskaping- og nærings potensiale for Vestland. Til dømes korleis den maritime bransjen handterer tap av last, i kor stor grad denne type ureining påverkar strender og dyreliv i vår region. Vidare om det er miljøvinstar og akseptable kost/nytte effektar ved å ta vare på til dømes cellulose og næringsaltar frå avløpsvatn.

Resolusjonane vert følgd opp og kommunisert i EU nettverka gjennom [CPMR](#)

### Vedlegg

- 1 Resolution on circular economy: Reuse of resources from sewage
- 2 Lost Containers from Shipping
- 3 Sak sirkulærøkonomi. Hovudutval for næring 25. november 2020, saksnr: 2020/75642-1